
Notat

Til: Kommunestyret

Kopi:

Frå: Jostein Aanestad

Arkivkode	Arkivsaknr.	Løpenr.	Dato
L32	14/822-16	77145/15	02.11.2015

Nye gateadresser – Oppdeling i adresseparsellar.

På bakgrunn av drøftinga av nye gatenamn i formannskapet og tilråding frå formannskapet om endring av adresseparsellar ønskjer rådmannen å opplyse kommunestyret om lovgrunnlaget for endring av adresseparsellar.

Endring av adresseparsellar.

- Matrikelova § 21 klargjer at det er kommunen som fastset offisiell adresse.
- Matrikkelforskrifta §50 fastset kommunen sitt ansvar for adressering og kommentarane til §50 slår fast: «Gater, veger, stier skal inngå i det offisielle adressesystemet som egne adresseparsellar med start og stoppunkt på naturlige geografiske steder. Naturlige start og stoppunkt for veger vil være vegkryss, endepunkt, vegdele og lignende».
- I følgje matrikkelforskrifta §59 kan kommunen vedta lokal forskrift med utfyllande reglar for adressetildeling i kommunen. Lokal adresseforskrift for Sogndal kommune vart vedteken av kommunestyret 14.11.2013.

I administrasjonen sitt arbeid med å førebu sak til formannskapet for godkjenning av 80 nye vegnamn i Sogndal, er dei føringar som ligg til grunn i Matrikelova m/forskrifter og kommentarar, kartverket sin «adresseveiledar», og kommunen sine egne utfyllande reglar i lokal adresseforskrift lag til grunn. Mot rådmannen si tilråding, og med opplysning om at vedtaket var i strid med lokal adresseforskrift, vedtok formannskapet å endre inndelinga av adresseparsell **15010 Barsnesvegen** slik at strekinga frå Mannhellervegen til Vandanes skal heite **Loftesnes**, og parsellen vidare innover mot Barsnes, **Barsnes**. Samstundes er sideveg på austsida av Mannhellervegen, frå krysset ved byggsenteret og sørover til eigedomen gbnr 2/31, vedteken oppretta som eigen adresseparsell med vegnamn **Ytre Loftesnes**. Formannskapet vedtok også at parsell **15090 Gamle Kaupangsvegen** skal delast i tre parsellar, **Kjøernes**, **Vedlegjerdet** og **Vikane**. Dei vedtekte endringane for desse parsellane er i strid med sentral og lokal adresseforskrift på fylgjande måte:

- J.f. lokal adresseforskrift §6.4 kan ikkje Namnemyndigheita (dvs. formannskapet) endre adresseparsellane som adressemyndigheita med bakgrunn i lokal adresseforskrift §8.1-3 har fastsett. *Endringane formannskapet har gjort for parsellane 15010 og 15090 er i strid med §6.4 i den sentrale forskrifta og 8.1-3 i den lokale forskrifta.*

SOGNDAL KOMMUNE

Plan og næring

- J.f. matrikkelforskrifta § 49 og Lokal forskrift § 1, er målsetjinga med adressering å få eit eintydig og felles adressesystem for heile landet. *Endringane formannskapet har vedteke for parsellane 15010 og 15090 er i strid med denne målsetjinga og vil vanskeleggjere å orientere seg etter adressene i terrenget.*
- Adresseparselldeling skal skje etter retningsliner i sentral forskrift kap. 12 og lokal adresseforskrift §8.1 og 8.2 og 8.3. Ein adresseparsell skal utgjere ei naturleg eining med start og slutt punkt på naturlege geografiske stader, som vegkryss, endepunkt, vegdele og liknande. *Endringane formannskapet har vedteke for parsellane 15010 og 15090 er i strid med sentral forskrift kap. 12 og lokal forskrift §8.1, 8.2 og 8.3.*

Ny endring i sentral forskrift:

Etter at namnesaka var fremja for formannskapet er administrasjonen gjort kjend med at det er vedteke endring i sentral forskrift som trer i kraft 01.01.2016. Frå før av har det vore høve for eigar av landbrukseigedom å søkje om å nytte gardsnamnet som adressetilleggsnamn til tildelt gateadresse.

Forskriftsendringa innber no at gardsnamn/områdenamn/namn på bustadfelt m.m. også kan nyttast som adressetilleggsnamn for mindre grender/husgrupper/bustadfelt. Eksempelvis ville ein då for føreslegen gateparsell i formannskapssaka **15090 Gamle Kaupangsvegen + husnummer**, kunne få adressetilleggsnamn **Kjørnes** for husa som ligg på Kjørnes, **Vedlegjerdet** for husa på Vedlegjerdet og **Vikane** for husa i Vikane.

Dette prinsippet kan ev. også nyttast på den føreslegne adresseparsellen **15010 Barsnesvegen**.

Samla vurdering:

Kommunestyret har høve til å trekke tilbake delegasjonen til rådmann om fastsetjing av adresseparsell, og sjølv gjere vedtak om adresseparsell. Eit slikt vedtak bør ikkje vera i strid med nasjonalt lovverk. Tilrådinga frå formannskapet er i strid med nasjonalt lovverk. Rådmann vil rå til at kommunestyre gjer vedtak som er i samsvar med nasjonalt regelverk for parsellinndeling. Med bakgrunn i nytt nasjonalt lovverk for inndeling og namnsetjing av vegar om område vil rådmann rå til at parsell 15010 og 15090 vert oppretthaldne som parsellar, og at det vert nytta adressetilleggsnamn for Kjørnes, Vedlegjerde og Vikane til parsell 15090 og Barsnes og Loftesnes til parsell 15010 og ev. Ytre Loftesnes til parsell 15010.